

## Tomme rom

Arne Olav L. Hageberg

Journalist og nettansvarleg i Psykologtidsskriftet

Helseminister Anne-Grete Strøm-Erichsen får torsdag omvisning på den ubrukte rusposten på Nordfordeid. Bygget til 23 millionar kroner stod klart i oktober i fjor, men Helse Førde har førebels ikkje sett av pengar til drift. [...]

Planen var at ti rusavhengige pasientar skulle få hjelp og behandling av 20 miljøarbeidarar, to legar, ein psykolog og ein sosionom. Det årlege driftsbudsjettet var sett til 18 millionar kroner, men helseføretaket har ikkje prioritert å setje av midlar til drifta. Dermed vil tome rom og verken pasientar eller personale møte Strøm-Erichsen.

*NRK Sogn og fjordane 5.5.2010*